



## Notat

Dato: 04.09.2018  
Arkivsak: 2018/13887-1  
Saksbehandlar: torruti

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging verbalforslag om Oslomodellen

Fylkesrådmannen viser til referatsak 87/18 til fylkesutvalet sitt møte 21. juni 2018. Fylkesrådmannen har fått nokre oppfølgingsspørsmål knytt til denne saka og ønskjer difor å supplere med ytterligere informasjon.

I meldinga går det fram at Hordaland fylkeskommune har tilpassa Oslo kommune sine seriøsitets og lærlingkrav, den såkalla Oslomodellen, til lokale tilhøve i Hordaland. Tilpassinga har hatt som formål å sikre at Hordaland Fylkeskommune i sine konkurransar ikkje stiller krav som gjer at lokale entreprenørar i Hordaland mistar moglegheita til å delta i desse.

Eit godt eksempel på tilpassing til lokale tilhøve er krav til talet på ledd underleverandørar. Oslo kommune stiller i sine seriøsitetskrav krav om at deira leverandørar berre kan ha eit ledd underleverandørar i kjede under seg.

Oslo kommune og Hordaland fylkeskommune nyttar ulike entrepriseformar. Etter vår kjennskap nyttar Oslo kommune i stor utstrekning delte utføringsentreprisar. HFK si eigeomsavdeling nyttar i stor utstrekning totalentreprisar. Forskjellane mellom desse entrepriseformane er talet på ledd frå byggherren og fram til dei utførande entreprenørane. Ved delte utføringsentreprisar engasjerer byggherren sjølv ei prosjekt-/prosjekteringsgruppe og inngår kontrakt direkte med dei som skal utføre arbeidet. Ved ei totalentreprise inngår byggherren kontrakt med ein totalentreprenør som inngår kontrakt med ei prosjekteringsgruppe og inngår kontrakt med dei som skal utføre arbeidet. Hordaland Fylkeskommune vil difor alltid ha eit ledd meir fram til utførande entreprenør enn Oslo kommune, slik vi har vald å organisere verksemda vår. Å innføre krav om at leverandøren berre kan ha eitt ledd underleverandørar i kjede under seg vil difor innebere eit strengare krav enn Oslo kommune sitt krav, når ein tek entrepriseform i betraktning. Det er viktig å merke seg at prosjekt-/prosjekteringsgruppa også er eit styringsledd mellom byggherren og dei utførande.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare nytta slik utføringsentreprise som Oslo, m.a. i bygginga av Amalie Skram videregående skole i Bergen. Erfaringa var at dette var ei svært krevjande arbeidsform, som og har resultert i ei rekke rettssaker. Dersom Hordaland fylkeskommune skulle gå tilbake til ein modell med delte utføringsentreprisar vil dette medføre behov for ein vesentleg tyngre byggherreorganisasjon med meir administrasjon og oppfølging og etter alt å døme vesentleg auka byggekostnader.

Eit anna eksempel på lokale tilpassingar, er krav til lærlingar. I Osломodellen er det stilt krav om at: «minimum 10 % av arbeidede timer innanfor fagområder med behov for læreplasser utføres av lærlinger». I tidligare seriøsitetskrav for Hordaland Fylkeskommune var krav til bruk av lærling 7 %. Fylkeskommunen har no auka kravet til 10 %, og implementert formuleringane frå Osломodellen knytt til lærlingar.

Osломodellen opnar samstundes for at kravet kan fråvikast dersom leverandøren ikkje, tross reelle forsøk, får tilsett ein lærling. Dei lokale tilhøva i Hordaland er slik at det ikkje er alle stadar, og særlig i distrikt kor det er lang avstand til nærmaste vidaregåande skule som tilbyr utdanning innan faget, at det er mogleg å få tilsett ein lærling. Etter Osломodellen sine reglar vil ein leverandør då vere fritaken frå å gjennomføre opplæring av nye fagarbeidarar.

Basert på dialog Eigedomsavdelinga jamleg har med ulike entreprenørar og leverandørar av handverkartenester er rekruttering og utdanning av praksiskandidatar ei viktig rekrutteringskjelde for å få fram nye fagarbeidarar i område kor det er vanskelig å få tilsett lærlingar. Eigedomsavdelinga har difor valt å stille strengare krav enn Oslo kommune. Eigedomsavdelinga har stilt krav om at dersom leverandøren tross reelle forsøk ikkje får tilsett lærling, kan kravet oppfyllest ved bruk av praksiskandidatar. Berre om leverandøren heller ikkje, tross reelle forsøk, klarar å tilsette praksiskandidat kan kravet reknast som oppfylt. Eigedomsavdelinga håper at eit slikt krav kan bidra til auka rekruttering innan bygg og anleggsfaga.

Når det gjeld krava til bruk av fast tilsette og faglærde handverkarar, som representanten og nemnar, er desse implementert i sin heilhet.

Utgreiinga over omhandlar i hovudsak tilpassingar knytt til bygg og anleggskontraktar. Når det gjeld kjøp av andre typar varer og tenester som ikkje er relatert til bygg og anlegg, vert Innkjøpsseksjonen sine malar for desse kjøpa lagt til grunn. Krava frå Osломodellen er innarbeidd i desse malane. Krav til løns- og arbeidsvilkår, krav om innbetaling av løn til bank og forbod mot kontant betaling er teke med i alle kontraktar.